

# DEN NORSKE KYRKJA

## Bjørgvin bispedømeråd

Fornyings- administrasjons- og kirkedepartementet  
Postboks 8004 Dep.  
0030 OSLO

Dato: 02.10.2012

Vår ref: 10/117-7 JZM

Dykkar ref:

### Gravferdsforskrifta - høyningsfråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd

Bjørgvin bispedømeråd har i møte 2. oktober handsama «Forslag om endringer i forskrift 10. januar 1997 nr. 16 til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdsforskriften)». Bispedømerådet har vedteke følgjande fråsegn:

Endringane er nødvendige og på dei fleste punkta gode. Fleire endringar i gravferdslova tek omsyn til at kyrkja forvaltar gravplassane for alle i landet, også dei som ikkje hører til Den norske kyrkja eller andre kristne trussamfunn. Dette får også konsekvensar for forskrifta. Vidare er dette eit høve til å justera forskrifta på bakgrunn av erfaringane den har gjeve oss dei 15 åra den har vore gjeldande.

Bjørgvin bispedømeråd sluttar seg til departementet sine vurderingar og forslaga til endringar i gravferdsforskrifta som ikkje er omtalte nedanfor.

Vi har følgjande kommentarar til enkeltpunkt i framleggget:

#### 3.3. Kiste ved gravlegging.

Bjørgvin bispedømeråd (Bb) er samd i departementet sine vurderingar og meiner det ikkje skal vera høve til å fjerna kravet om kiste ved gravlegging.

#### 4.1. Anlegg m.v. av gravplass

Bb si erfaring med plansaker har vist at det har gitt gode resultat å sikra tenlege buffersoner og god støyskjerming av gravplassen.

Bb er einig i forslaget til endring i forskrifta § 2 som m.a. forsterkar kravet til buffersoner og støyskjerming både ved regulering av areal til ny gravplass og ved utviding av gravplass.

Vår erfaring med plansaker viser at det også er nødvendig å sikra ei bufferson mellom gravplassen og naboar når planane gjeld endring på området rundt gravplassen, ikkje berre når det er snakk om ny eller utvida gravplass. I slike saker har bispedømerådet vist til forskrifta sitt krav til bufferson, og dette har kommunane teke omsyn til. Dette samsvarar også med «omsynssoner» i plan- og bygningslova. Dette bør vera omtalt i rundskrivet som vert sendt ut med den nye forskrifta.

## **5. Inndeling av gravplass – SOSI-standard**

Det er positivt at gravene kan identifiserast etter ein nasjonal, moderne standard. Fellesråda har dei siste åra gjennomført eit omfattande arbeid med å oppdatera gravkarta sine. Det vil kreja ein del arbeid å innføra eit nytt system. I dei tilfelle fellesråda får ekstraordinære utgifter for å oppfylla forskriftsendringane, bør det gjevast ekstra tilskot.

## **8. Gravlegging**

Det har vore ulike synspunkt på korleis ein skal tolka gravferdslova sin frist for gravlegging, den er no utvida frå 8 til 10 yrkedagar. Spørsmålet er om laurdag skal telja med som yrkedag. Etter Bispedømerådet si meining bør ein rekna yrkedag som måndag – fredag, her bør det vera lik praksis over heile landet.

## **9. Anonym og namna minnelund**

Dei siste åra har det vore stendig fleire som har spurt etter ordningar for gravlegging av dødfødt barn i anonym grav. I forskrifta § 21 heiter det: "*Personer som er omkommet på havet, i krig eller liknende .....*". Dødfødt barn kan truleg koma inn under omgrepene "og liknende". Bb ber likevel om at det vert vurdert om omgrepene "dødfødt barn" bør takast med i forskrifta slik at foreldre til dødfødt barn kan velja om dei ønskjer grav i gravfelt eller på anonym eller namna minnelund.


### **10.4 Plantefelt**


Bb støttar departementet si haldning om å ikkje ta inn reglar for plantefelt og innramming. På dette området varierer praksis frå fellesråd til fellesråd, og den beste staden å regulera dette er i lokale vedtekter.

### **Tydeleg regelverk**

I forvaltninga av regelverket er det ein fordel om forskrifta er tydeleg og konkret alle stader der dette er mogeleg. Eit godt rundskriv som kan vera til hjelp i tolkinga av forskrifta, vil også vera med på å sikra at brukarane opplever rettferdig og effektiv saksbehandling. Bispedømerådet er ofte avhengig av å henta inn råd frå kyrkjegardskonsulenten, og det vil vera ein fordel å få redusert saksmengda mellom bispedømekontora og kyrkjegardskonsulenten.

Med helsing

  
Jan Ove Fjellveit e.f.  
stiftsdirektør

  
Jens Z. Meyer  
rådgjevar for informasjon og kyrkjeleg  
forvaltning  
Direkte innval: 55 30 64 86